



# Møtebok

Sak nr 27/2009

Møtedato: 6.5.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Løypeplan for vestfjellet - 2. gongs høyring

Vestre Slidre kommune har oversendt revidert utakst til løypeplan til høyring. Fjellstyret gav uttale til planen i vedtak 02/09 og hadde ein del merknader. Ein del punkt er det teke omsyn til og andre ikkje.

Det vil ikkje vera så stor praktisk verknad av planen, sidan planen ikkje er juridisk bindande. Det som er viktig med denne planen er å sikre kvar hovudløypenettet skal gå. For at planen skulle vore bindande juridisk fullt ut, måtte det utarbeidast ei lokal forskrift. Det er varsla endringa av lov om motorisert ferdsel i utmark, og det vil føre til at kommunen må endre forskrifter på ny. Kommunen er ikkje innstilt på å gjera dette i to omgangar og avventar revisjon av lokal forskrift til ny lov er vedteke.

### Vedtak

Fjellstyret har ingen nye merknader til planen.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.5.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog